
Saksnr: 2022/54188-1
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		19.05.2022
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		24.05.2022
Fylkesutvalet		01.06.2022

Selja kloster - etablering av formelt samarbeid

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til samarbeidsavtalen slik den ligg føre. Avtalen føreset ikkje økonomiske forpliktingar for fylkeskommunen.

Samandrag

I politisk sak i 2020 fekk fylkesdirektøren mynde til å gå i dialog med Stad kommune og Bjørgvin bispedøme om å etablere eit formelt samarbeid for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål. Eit forslag til formelt samarbeid gjennom ein samarbeidsavtale er no arbeida fram etter fleire møte med Stad kommune, Bjørgvin bispedøme og Opplysningsvesenets fond.

Saka gjeld både kulturminne og næringsutvikling. Ho blir difor fremma både for hovudutval for næring og hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Innovasjon og næringsutvikling (INN)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Samarbeidsavtale Selja kloster

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det blei vedteke i fylkesutvalet i PS 247/2020 at fylkesdirektøren fekk mynde til å gå i dialog med Stad kommune og Bjørgvin bispedøme, med sikte på å arbeide fram eit forslag til ei berekraftig organisasjonsform for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål. Det blei også vedteke at ny sak om organisasjonsform og eventuell økonomisk medverknad ville bli lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering og hovudutval for næring, samt fylkesutvalet når forslag til ei berekraftig organisasjonsform var arbeida fram med Stad kommune.

Bakgrunnen for vedtaket er at i 2018 starta Sogn og Fjordane fylkeskommune ved avdeling for næring og kultur eit prosjekt som skulle etablere ei langsiktig og berekraftig løysing for bevaring og utvikling av Selja kloster. Sogn og Fjordane fylkeskommune var prosjekteigar, medan PwC var prosjektleiar etter anbuds konkurranse.

Etter ei rekkje samrådsmøte med dei aktuelle aktørane er det no arbeidd fram eit forslag til etablering av eit formelt samarbeid.

Historia til Selja

Selja kloster er frå 1100-talet og truleg det eldste klosteret i Norge. Ruinane av klosteret ligg på øya Selja, ca. 15. minuttars båttur frå Selje i Stad kommune, rett ut mot Stadhavet. Klosteret var eitt av dei fyrste bispeseta i Norge, etablert i 1068 av Olav Kyrre. Heile anlegget er komplett med klosterkyrkje, tårn, andre klosterbygningar, indre og ytre kyrkjegardsmur, ytre klostermur, klosterhage og beitemarker, samt helgenanlegget. Helgenanlegget ved klosteret utgjer Sunnivahola, Sunnivakyrkja, terrassen og kjelda. Sankta Sunniva er landets første helgen og den einaste kvinnelege helgen. Sankta Sunniva er også vergehelgen for Bergen og Vestlandet og vaktar særleg over dei sjøfarande. Selja kloster har vore og er eit viktig heilagmål for pilegrimar.

Det offentlege har i dag både eigar- og forvaltaransvaret for Selja kloster. Opplysningsvesenets fond (OVF) har eigarskapen, medan Vestland fylkeskommune har forvaltaransvaret. Stad kommune er vertskommune og eigar av kaianlegget på Selja. Selja er som heilagstad ein stad for alle kristne trussamfunn og organisasjonar i Norge og internasjonalt og ligg under Bjørgvin bispedøme.

Fram til 01.01.2020 var det Riksantikvaren som hadde forvaltaransvaret for Selja kloster. Riksantikvaren har gjennom Ruinprosjektet ved Selje kommune gjennomført omfattande restaurering av Selja kloster og helgenanlegg.

Vestland fylkeskommune er i gang med forvaltningsplan for øya. Dette er planen som skal danne grunnlaget for samarbeid mellom aktørar og framtidige søknadar om tilskot til bevaring, konservering og skjøtsel.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse. Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Vurderingar og verknader

Som nemnt er det no arbeidd fram eit forslag til etablering av eit formelt samarbeid. Arbeidet starta hausten 2021, fylkeskommunen heldt kontakten med Stad kommune om saka fram til begge partar var klare til å starte arbeidet.

I den nemnte sluttrapporten frå prosjektet i Sogn og Fjordane fylkeskommune blei det peika på ulike organisasjonsmodellar med heimel i kommunelova. Vi gjekk gjennom desse med juridisk personale for å sjå kva som var beste løysing. Sidan samarbeidet om Selja omfattar både fylkeskommune, kommune og andre aktørar var det anbefalt ein samarbeidsavtale. Det at det både er involvert fylkeskommune, kommune og andre aktørar gjorde at dei ulike organisasjonsmodellane med heimel i kommunelova ikkje var eit godt alternativ.

Etter å ha fått dei juridiske avklaringane gjekk fylkeskommunen og Stad kommune inn i eit møte for å bli einige om korleis vi gjekk vidare. Etter dette tok vi kontakt med OVF og Bjørgvin bispedøme for å starte samarbeid og arbeide fram ein samarbeidsavtale alle var fornøgde med.

Arbeidsgruppa som har arbeida fram samarbeidsavtalen har hatt følgjande medlemmar:

- Kristine Dahl, Stad kommune
- Tonje Ramse Trædal, Stad kommune
- Mads Jansen, Opplysningsvesenets fond
- Ragna Sofie Grung Moe, Bjørgvin bispedøme
- David J Aasen Sandved, Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering
- Berit Anna Gjerland, Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering
- Endre Høgalmen, Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling
- Anne Silje Sylvarnes, Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling
- Hilde Solend Vindedal, Vestland fylkeskommune, avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Gruppa har hatt totalt seks møte. I møta har detaljane i avtalen blitt diskutert og jobba fram. I avtalen er også Oslo katolske bispedøme nemnt som ein av dei ein skal samarbeide med, dette er fordi det var eit ynskje frå Bergen bispedøme. Dei meiner at både den katolske og den norske kirke bør vere representert i samarbeidet og har tatt på seg ansvaret med å kontakte og få med seg Oslo katolske bisperåd inn i samarbeidet.

Avtalen seier kort noko om bakgrunnen for den. Formålet med arbeidet er å etablere eit samarbeidsråd på administrativt nivå mellom Stad kommune, Vestland fylkeskommune, Bjørgvin bispedøme, Oslo katolske bispedøme og Opplysningsvesenets fond. Samarbeidsrådet er eit konsensusorgan. Stad kommune har hovudansvaret for samarbeidet og samarbeidsorganet.

Partane er blitt einige om å etablere eit samarbeidsråd som skal bestå av følgjande representantar, ein representant frå følgjande grupper:

- Stad kommune
- Vestland fylkeskommune, ved avdeling for kultur, idrett og inkludering
- Vestland fylkeskommune, ved avdeling for innovasjon og næringsutvikling
- Bjørgvin bispedøme
- Oslo katolske bispedøme
- Opplysningsvesenets fond

Det vil bli oppretta ein sekretariatsfunksjon for samarbeidsrådet. Stad kommune, saman med Vestland fylkeskommune skal ivareta sekretariatsfunksjonen for samarbeidsutvalet. Minst ein representant frå kvar organisasjon kan møte som observatør med møte- og talerett på samarbeidsmøta.

Det skal også opprettast ei ressursgruppe som kan delta på utvalde møter. Representantane får tale- og forslagsrett. Endringar i ressursgruppa sin samansetning kan gjerast ved konsensus i samarbeidsrådet. Ein vil ha med følgjande representantar, ein representant frå kvar gruppe:

- Båtselskapet som driv ruta Selje-Selja
- Anna næringsaktør
- Destinasjonsselskapet Visit Nordfjord
- Stad kommune
- Vestland fylkeskommune
- Nordfjord prosti
- Selje regionale pilegrimssenter

Leiinga av samarbeidsrådet skal ligge hos Stad kommune. Samarbeidsrådet har ansvar for å skape ein arena for samhandling mellom aktørane. Samarbeidsrådet skal vere eit rådgjevings- og høyringsorgan for saker som vedkjem klosteret og øya Selja. Blant anna skal rådet bidra med å:

- Følgje opp mål og tiltak i forvaltningsplanen, som vil vere det viktigaste styringsdokumentet i framtidig arbeid.

- Gjere framlegg om gjennomføring av prioriterte tiltak i forvaltningsplanen og i handlingsplanen.
- Ivareta kulturminna.
- Ivareta og levandegjere Selja som heilagstad.
- Arbeide strategisk med mobilisering av ressursar.
- Leggje til rette for ei berekraftig reiselivsutvikling, og for utviklingsprosjekt knytt til brei verdiskaping i tråd med forvaltningsplanen.
- Arbeide for at det føreligg ein overordna strategi for formidling av Selja kloster og klosterøya, og bidra til god informasjonsutvikling mellom formidlingsaktørane.
- Formidle kulturminnet Selja kloster ved å støtte opp om innhald og opplevingar som vert skapt knytt til kloster- og helgenanlegget.
- Utvikle identitet og sørge for at den lokale forankringa vert styrka.
- Bygge nettverk med relevante aktørar.

Lista er ikkje uttømmende.

Avtalen er allereie godkjent av Bergen bispedømeråd, og skal også handsamast i Oslo katolske bispedøme, Opplysningsvesenets fond og opp til politisk handsaming i Stad kommune.

Økonomi:

Avtalen har ikkje noko økonomisk konsekvens for fylkeskommunen.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Satsinga er med å bygge oppunder innsatsen til fylkeskommunen på vandring og på pilegrimsleia.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Satsinga er i tråd med føringar i den regionale planstrategien.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at Vestland fylkeskommune godkjenner samarbeidsavtalen slik den ligg føre.

Selja kloster er eit kulturminne av internasjonal interesse. Ein formell struktur er avgjerande for ei berekraftig utvikling av Selja kloster for både det offentlege, trussamfunna, næringslivet og dei frivillige.